

**From:** Stig Vattekar <stig.vattekar@gmail.com>  
**Sent:** 21. november 2018 09:20  
**To:** Firmapost  
**Cc:** Tubbene Johannes  
**Subject:** Søknad trafiktryggingsmidlar 2019

Hei

Sogn Cykleklubb søker med dette om trafiktryggingsmidlar for 2019.

Vi skal arrangere sykkelrittet Jotunheimen Rundt for 29. gang i 2019. Rittet startar i Lærdal fredag kveld 28. juni og går derfor over Filefjell, gjennom Valdres og over Valdresflya medan det er delvis mørkt. Rittet er eitt av dei mest kjende turritta i Noreg og har høg status blant deltakarane fordi vi set tryggleiken og servicen til ryttarane høgt.

Av tryggleikstiltak kan nemnast:

- Utdanning og innleige av godkjende vakter
- Begrensa tal deltakarar
- "Timeout" i nedkøyringane frå Sognefjell til Fortun
- Refleksvestar til alle som startar i Lærdal fredag kveld og sykklar gjennom natta

Nærare om grunnlag for søknaden:

For å trygge deltakarane best mogleg, er det som vanleg krav om markeringslys både framme og bak på syklane. I tillegg vil vi dele ut refleksvestar til alle deltakarane før start. Vestane er godt synlege, og er utstyrt med nettingstoff i rygg for å betre pusteeigenskapane. I tillegg er dei utstyrt med lommer på ryggen. Vestane er derfor blitt svært populære, og vert også nytta av syklistane i etterkant av rittet under trening og deltaking i andre ritt.

Vi reknar med at rittet vert fullteikna også i 2019. Talet på deltakarar vert derfor om lag 600. Vi ynskjer derfor å kjøpe inn 600 vestar a kr 150 = kr 90 000 + mva = kr 112 500.

Vi søker derfor om maksimal støtte til dette tiltaket.

--

Med vennleg helsing

Stig Vattekar  
Leiar Sogn CK  
mobil +47 971 89 995